

Samnanger Kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Årland, 12.06.2017

Høyringsuttale til Kommuneplanens arealdel 2017 – 2027

Styret i Samnanger Næringsforum drøfta delar av arealplanen på møte 08.06.17, då særskild avsnittet som gjeld næring. I denne samanheng vil ein koma med fylgjande kommentarar:

Næringsforumet har tidlegare gitt fleire innspel til arealplanarbeidet, men ikkje motteke kommentarar eller tilbakemeldingar. Forumet har heller ikkje motteke planen til gjennomsyn. For framtida ber ein om at kommunen tek Samnanger Næringsforum med på distribusjonslista for liknande planar. Til orientering så representerer Forumet i dag 31 næringsverksemdar.

Styret i forumet stiller spørsmål om grunnen til at områda som er avsett til næring i kommunedelplanen (Kap 19 side 17) i Appendiks 1 er redusert til to områder, nemleg Raunekleiva og Børdalen, og vil tilrå at ein i arealdels planen legg til rette for utvikling av næringsområde som ligg tett inn til hovudvegane gjennom kommunen (fv.7 og fv.48). Styret vil derfor på ny peika på at området i Hisdal (mellom Innstetjørna og Midttjørna) og på Gaupholm (N09) bør inkluderast i planen.

Vidare meiner styret at reguleringsplan for utviding av Rolvsvåg industriområde bør starta så snart råd er, sjølv om ein har ledige tomter i eksisterande regulert området. Ein har erfart at å få laga og få godkjent ein slik reguleringsplan tek lang tid. Bergensområdet har mangel på næringsareal, og med pågåande utbygging av infrastrukturen kan Samnanger lett verta attraktivt for etablering av nye verksemdar. Det er då viktig å ha tilgang på ledig areal til ulike formål.

Styret i Samnanger Næringsforum vil og peika på at dersom kommunen får tilgang til overskotsmasser frå vegarbeid og liknande, bør ein vurderer å fylla ut deler av «pøyla» ved Nordbygda grendehus. I arealplanen bør ein derfor setja av plass til parkering i dette området.

Endeleg ber Næringsforumet om ei avklaring omkring samanhengen mellom Arealplanen og Kystsonenplanen. Når skal ein forhalda seg til Arealplanen og når gjeld Kystsonenplanen? Me vil vera takksame for tilbakemelding.

Med beste helsing

For Samnanger Næringsforum
Knut Bjørnås
(sign)